



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Helse- og omsorgsutvalet	24.10.2007	037/07

Avgjerd av: Helse- og omsorgsutvalet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Marit Elisabeth Larssen	Arkiv: F22	07/1593-4

BRUKARSTYRT PERSONLEG ASSISTANDE - HØYRINGSUTTALE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	02.07.2007	Helse- og omsorgsdepartementet	Ordning med brukarstyrt personleg assistanse - høyring

Saksvedlegg:

1. Internt notat, datert 04.10.2007 om framlegg til høyringsuttale BPA
2. Rundskriv I – 15/2005 om Brukerstyrt personlig assistanse, frå Helse- og omsorgsdept.

Bakgrunn for saka:

Helse- og omsorgsdepartementet har send ut høyringsnotat om forslag til sterkare rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse. Høyringsfrist er 1. november 2007.

Saksutgreiing:

Ordninga med brukarstyrt personleg assistanse (heretter korta til BPA) har eksistert i ei årrekke. Ordninga er heimla i lov om sosiale tenester §§ 4.2 og 4.3. § 4.3 slår fast at den som ikkje kan dra omsorg for seg sjølv "har krav på hjelp etter § 4.2...". I § 4.2 blir det mellom anna vist til at dei sosiale tenestene skal omfatte "...praktisk bistand og opplæring, herunder brukarstyrt personlig assistanse, til dem som har et særlig hjelpebehov på grunn av sykdom, funksjonshemming, alder eller andre årsaker....".

Når ein no vurderer om brukarane skal få rett til å velje BPA i staden for – eller som supplement til – andre ordningar, blir det grunngitt med følgjande:

- Større brukarmedverknad når det gjeld organisering av tilbodet og val av person som skal yte tenesta
- Auka fleksibilitet for brukar
- Meir individuell tilrettelegging.

Framlegget til endringar i lova ser i korte trekk slik ut:

- Brukar som fyller vilkåra etter sosialtenestelova sine §§ 4.3 og 4.2 a får ein lovfesta rett til å krevje at tiltak og tenester skal organiserast som BPA. Retten gjeld dersom tenestebehovet er 20 timar eller meir. Får brukar færre timar, kan han/ho også få BPA, men kommunen kan likevel i slike høver velje å tilby anna løysing

- Brukar som vel BPA skal ha rett til å avgjere arbeidsgjevarmodell og kven som skal vere assistent. Ansvar for arbeidsleiing er alt i dag lagt til brukar sjølv, eller annan høveleg person, dersom brukar sjølv ikkje kan ivareta dette ansvaret.

Gjeldande praksis for bruk av BPA er at alle som fyller loven sine vilkår for rett til praktisk bistand, støttekontakt eller avlasting, kan søke om å få organisert tilbodet som BPA. Dvs at ordninga blir bruk av barn, eldre og personar med fysisk eller psykisk funksjonshemming. Ho har vore mest vanleg hos velfungerande fysisk funksjonshemma, men stadig oftare vel også foreldre ordninga for eigne born – anten desse er vaksne psykisk funksjonshemma eller dei er born.

Kommunane avgjer søknaden, sidan brukaren ikkje har rett til å krevje slik ordning. Kommunane avgjer også kven som skal vere arbeidsgjevar – kommunen sjølv eller andre. Andre kan vere brukaren sjølv eller ULOBA, som er ein brukarstyrt stiftelse, etablert for å ta ivare arbeidsgjevrolla i desse tilfella. Ansvar for arbeidsleiing er det som nemnt brukaren, eller brukaren sine føresette som har.

For å stimulere til meir bruk av BPA blei det i sin tid innført eit eige ”tilskott til BPA”. Tilskottet er no på kr 250.000,- pr brukar og blir utbetalt til kommunane over 4 år. Det skal gå til informasjon, opplæring og rettleiing av brukar og assistentar, og er tenkt som eit starttilskott/hjelp til etablering av ordninga hos den einskilde brukar. *Også dette tilskottet blir foreslått endra.* No følgjer det brukaren, medan departementet gjer framlegg om at det skal bli eit generelt tilskott som kommunane kan søke på, for å få midlar til informasjon og opplæring om BPA-ordninga.

Departementet si vurdering er at dei endringane det blir gjort framlegg om ikkje skal gi kommunane auka kostnader, sjølv om bruken av BPA vil auke. Dei peikar på at kostnadene ved ordninga blir kompensert gjennom tilskottet til ressurskrevjande tenester, eit tilskott som kommunane får utbetalt for brukarar som får tenester for meir enn 0,8 mill kroner/år frå 2008.

I tillegg til dei foreslått endringane i lova, har departementet stilt kommunane 3 spørsmål som dei bed om svar på. Våre kommentarar til desse spørsmåla følgjer som vedlegg.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen er eining med departementet i at bruk av BPA som alternativ til kommunen sine tenester vil auke, dersom det blir ein lovfesta rett til å krevje denne ordninga. All kommunal erfaring tilseier likevel at også kostnadene vil auke når brukarane får rett til å krevje ei teneste. Det er også ei erfaring kommunane har når det gjeld bruk av BPA etter gjeldande reglar. Kommunen sine kostnader til desse tenestene aukar, når fleire vel BPA. Departementet si vurdering at kommunane får kompensert for desse kostnadene gjennom tilskottet til ressurskrevjande tenester, held ikkje. Kommunane vil ha fleire brukarar som ikkje når taket for denne ordninga (0,8 mill kroner/år), samstundes aukar kommunen sine kostnader til tenesteytinga – det går ut over andre brukarar/tenester, sidan kommunen sine inntekter er faste. Det må derfor vere ein føresetnad at kommunane sine meirkostnader ved bruk av BPA blir kompensert, dersom det blir rett til å krevje ordninga.

Å velje BPA som løysing blir meir og meir vanleg. Dette skuldast dels at ordninga etter kvart er blitt betre kjent blant brukarane, men også at kommunane er blitt flinkare til å vurdere BPA som eit alternativ til eigne tenester. Ein ser no at kommunane i aukande grad rår brukarar til å velje BPA, ofte i kombinasjon med andre løysingar, fordi dette gir eit betre tilpassa tilbod til den einskilde brukar. Brukarmedverknad blir meir vanleg både når det gjeld organisering av tenestetilbodet og evaluering av tenestene. Kommunane er opptekne av at brukarane sine

behov skal takast ivare og strekker seg langt for å få til fleksible og individuelt tilpassa løysingar. Utviklinga som vi no ser, tilseier at det ikkje bør vere eit akutt behov for å innføre rett til å krevje BPA. Ordninga er i ferd med å finne sin plass i det mangfaldet av tenester som kommunane tilbyr sine innbyggjarar, og Stortinget burde vere nøgd med det.

Det er også gjort framlegg om at brukaren skal kunne velje kven som skal vere arbeidsgjevar – kommunen eller andre. Rådmannen går ut frå at dette framlegget byggjer på ei forståing av at det er kommunane som avgjer dette spørsmålet i dag. Også her går utviklinga i ei anna retning, ved at stadig fleire kommunar rår til at ULOBA eller brukaren sjølv tar på seg ansvaret som arbeidsgjevar. Prinsipielt er det uansett ikkje rett at ein kommune skal ha ansvar som arbeidsgjevar, når kommunen ikkje har ansvaret for den tilsette. I BPA-ordninga er det brukaren som har ansvaret for den tilsette, og staten kan ikkje meine at kommunane skal tilpliktast eit arbeidsgjevaransvar når vi i realiteten ikkje har kontroll over organisering og tilrettelegging av arbeidsdagen. Brukarane bør derfor ikkje få rett til å avgjere at kommunen skal vere arbeidsgjevar. Den retten bør ligge til kommunane. Dersom kommunen ikkje vil vere arbeidsgjevar, finst det gode alternativ, mellom andre ULOBA.

Rådmannen sin konklusjon er at retten til å krevje BPA ikkje bør lovfestast. Dersom Stortinget likevel gjer eit slikt vedtak, må kommunane sine økonomiske føresetnader for å kunne utvikle og administrere ordninga sikrast betre enn i dag. I tillegg må kommunane sin rett til å avgjere kven som skal vere arbeidsgjevar vidareførast.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Gloppen kommune v/helse og omsorgsutvalet sluttar seg ikkje til framlegget om rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse
2. Dersom Stortinget likevel vel rettighetsfesting av ordninga bed Gloppen kommune om at:
 - Kommunane blir sikra økonomiske føresetnader til utvikle og administrere ordninga
 - Kommunane sjølv får retten til å avgjere om kommunen skal vere arbeidsgjevar.

24.10.2007 HELSE- OG OMSORGSUTVALET

Framlegg frå **Olaf Sig. Gundersen (Sp)**:

1. Gloppen kommune v/helse- og omsorgsutvalet sluttar seg til framlegget om rettighetsfesting av ordninga med brukarstyrt personleg assistanse, dersom kommunane blir sikra økonomiske føresetnader til å utvikle og administrere ordninga.
2. Kommunane sjølve må ha rett til å avgjere om kommunane skal vere arbeidsgjevarar.

037/07 VEDTAK:

Framlegget frå Olaf Sig. Gundersen vart samrøystes vedteke.